

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 1

Februar • 1997

51. årg.

VIK IKKJE FRÅ MEG

Desse kjende konturar
som eg alltid har ått
vik ikkje frå meg

Her vil eg sjå sol stiga
og gå ned

Attom er rømdene
dei som eg dregst mot
og ottast for

eg vil sjå dei bak mi
eigi synsrand
der augo mine
høyrer heime

Eirik K. Finne

Biletet under viser utsyn frå
Nesheimsfjellet mot Teigdalen.

Foto: Frode Kvamsøe

LES OG SJÅ I
FÅSTE-
NUMMERET!

Kyrkjebladet i ny
bunad
Side 2

Fasteaksjonen 1997
Side 2

"Sånn går det meg, sånn
går det med deg" av
Gunvor Bjørsvik.
Side 3

Glimt frå
nyttårsleiren
Side 4

Vaksdal kristelege
Ungdomslag
Side 5

Glimt frå eldre farne
tider
Side 6

Barneteikningar i høve
kyrkjebiléet på Dale
Side 7

STOR KORKONSERT I DALE KYRKJE

I veka før påske får Dale kyrkje vitjing av eit av dei beste kora i Noreg, ja, dei er også av dei beste i verda. Det er høgskulekoret som Maria Gamborg Helbekkmo er dirigent for.

Dei skal framføra songar som er komponert til Maria Bods-kapsdag. Eit av dei er *Stabat Mater* av Pergolesi. Fleire andre komponistar er også representert. Det vert med strykarar, og Dale Mannskor skal også delta.

Dato for konserten er ikkje avgjort når dette vert skrive, men det kjem kunningering i lokalavisa. Vi vil oppmoda folk til å koma på denne konserten. Ei så vakker korframføring er det sjeldan vi får høyra.



STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan 19. februar 1997.

Bladet kjem ut i veke 12 som byrjar med 17. mars.

Ragnvald

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Vaksdal prestegjeld

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Adr. **Boks 113, Fabrikkvegen 3, 5280 Dalekvam**

Kontortid: Tysdag, onsdag og torsdag kl. 09-13.30

Tlf. 56 59 61 20

Soknepr. Frode Kvamsøe

56 59 73 15, privat

Kappelan Bård Egil Dyrhol

56 59 70 88 privat og kontor

Kyrkjeverje Svein Tøsse,

Heradshuset 4. etasje

(tekn. kontor)

Tlf. 56 59 63 15 / 56 59 60 20

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

Bladstyrar:

Ragnvald Kringlebotten,

5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51

81.

Kasserar:

Asle Georg Karlsen, Boge,

5270 Vaksdal, Tlf. 56 59 72 32.

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S,

5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.

Retur til Øystese Trykkeri A/S,

5610 Øystese.

Kyrkjebladet i ny bunad

Som sagt er kyrkjebladet 50 år i 1997. I det høvet vil me i løpet av våren og forsommaren gjera tiltak for å betra bladbunaden (layouten). Dette vert gjort grunna at bladet skal over i ny form (A4 storleik).

Me vil også henvenda oss til næringslivet og tilby annonseplass i bladet. Dette vert gjort for å betra økonomien slik at me kan vera i stand til heile tida å levera eit godt produkt.

Grunna at det frå 1. januar er komen ei ny kyrkjelov vil me også gje meldingar som kan vera av interesse for lesearane om ting som har med kyrkja, kyrkjegardane og nye kyrkjelover å gjera.

Kontingent

Med dette bladet ligg det ein giroblankett for betaling av kontingent. Som det ser er den heva til 100,- kroner. Dette er gjort grunna at kontingenten har vore den same i fleire år medan kostnadane har stege.

Me vonar flest mogleg nyttar blanketten og slik er med og gjer sitt til at økonomien vert betre.

På førehand takk!

KYRKJESTADEN**DALE 100 ÅR****Jubileumsskrift**

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

kr. 150,-

hjá Petersen & Ypsøy og på Kyrkjekontoret.

Boka kan tingast frå Kyrkjekontoret, Boks 113, 5280 Dalekvam . Tlf. 56 59 61 20

Fasteaksjon 97

Også i år vert den årlege fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp skipa til i mars månad.

På Dale og Stanghelle vil det vera bøsseberarar ute den 20. mars frå klokka 17. På Vaksdal vert aksjonen den 18. mars frå klokka 17.

På Stamnes vert det innsamling av fastebørser ved gudstenesta **31. mars kl. 11**. I Eksingedalen kan ein anten levera bøsser på gudsteneste på - **Flatekval 23. mars kl. 11 eller på Nesheim 28. mars kl. 20.**

Tema for aksjonen i år er: **Reint vatn ein menneskerett!**

Rein vatn må me ha. I år vert fokus sett på Etiopia. Heile 70 prosent av dei som bur i Etiopia har ikkje tilgang på reint vatn.

Ta difor vel mot bøsseberarane eller ring **820 43 033**. Du gir 100 kroner når du ringjer. Takk for gåva.

I 1995 gav arbeidet til Kirkens Nødhjelp 39.200 menneske i Etiopia tilgang til reint vatn. Pengar frå årets fasteaksjon kan gje håp til endå fleire.

Foto: Håkon Lislerud, KN.



«Sånn går det med deg, sånn går det med meg».

Vi var ikke så store de første gangene vi stabbet oss rundt juletreet. To store hender holdt et fast tak om våre små, og så travet vi rundt og rundt. De store sang og sang. Men så kom det toner av noe vi kjente. "Vi klapper i hendene." Alle stanset og klappet og klappet. Dette kunne vi. Vi hadde øvet oss på det, og klappet iveri til glede både for oss og de store. Men så fortsatte sangen og gangen om juletreet igjen. Da ville sangen om "epler og pærer" komme. Da skulle vi "falle ned" to ganger - selv om vi hadde finkjolen på. Men da ville de store holde ennå fastere i hånden. Vi skulle reise oss opp igjen. Dette var fint. Alle var med. Kanskje sang de den to ganger til ære for oss. Det var stas i å falle. De store sang - "og når de blir modne, så faller de ned." Første gang gjaldt det eplene og pærene. Andre gangen gjaldt det oss. "Sånn går det med deg - sånn går det med meg, - sånn går det med oss alle til verdens siste slutt."

Alvåret i sangen streifet sikkert noen store. Vi forstod det først senere. Da kom spørsmålet. Når er en "moden"? Når skal en "falle ned"? I barndommen, ungdommen, manndommen eller når en er syk og gammel og trett og er begynt å lytte etter "sabbatslurens" toner? "Altså står det en sabbatshelg tilbake for Guds folk." Hebr. 4,9.

Bare Gud har svarene. Vi skal bare la oss bli holdt fast av de sterke hender som vil holde fast i våre. Gud har ordnet alt for oss. Jesus har sonet alle våre synder. Han viste sine disipler sine naglemerkede hender. Han strekker dem fram til den enkelte av oss. Vi tar imot dem, og Han vil holde fast. "Enten vi lever eller dør, hører vi Herren til." Rom. 14,8.

Når er en da "moden"? Det vet bare Gud. Jesus sa det enkelt i Matt. 10,29 og 31. "Selges ikke to spurver

for en øre? Og ikke en av dem faller til jorden uten at deres Fader vil? Endog hårene på deres hode er tellet alle sammen. Frykt ikke dere er mere verdt enn mange spurver.."

Og Jesus ber i Johs. 17,24. "Fader jeg vil at hvor jeg er, skal de som du har gitt meg, være hos meg forat de skal se min herlighet, som du har gitt meg, fordi du har elsket meg før verdens grunnvoll ble lagt."

La oss synge og be med salmedikteren:

Så ta da mine hender og før meg fram, inntil jeg salig ender, i Himlens hjem. Jeg kan ei gå alene, ei enn et fjed, hvor du meg fører ene, jeg følger med.

Gunvor Bjørsvik.

Kyrkjebladet vil nytta høvet til å gratulera Gunvor Bjørsvik med overstått 90-års dag 16. januar.

Eidsland

Biletet nedanfor syner Sigfrid Myster som fekk eit fat frå soknerådsformann Anne Margrete Eikefet som takk for reinhald av kyrkja i 30 år og 10 år som kyrkjegardstenar.

Foto: Frode Kvamsøe



På biletet ovanfor ser me Eva Stamnes, Eidslandet, som fekk "Mi kyrkjebok" før jul, her på mamma Marianne sitt trygge fang.

Foto: Frode Kvamsøe



NYTTÅRSLEIR

Frå 29. desember 1996 til 1. januar 1997 vart det skipa til nyttårsleir på Fagertun.

-Kor mange var det med på leiren?

-Det var 25 deltakarar og 12 leiarar fortel leirsjef Åshild Rene.

-Me vil gjerne vita litt om kva de dreiv tida med.?

-Me hadde bibeltimar med ein som heiter Ingvard Skeie der emnet var: "Å byrja på nytt." Elles hadde me kveldsmøte og ei enkel samling like før me gjekk og la oss.

Måndag 30. desember var me til Modalen der me hadde fått låna gymnastikkhall og symjebasseng. Der hadde me volleyball, basketball, fotball og vannpolo.

Nyttårsafta

Om dagen nyttårsafta var nokre og henta juletre medan andre laga til juletrepynt. Me hadde også ein rugbykamp i snøen der nokre av leiarane fekk seg ein skikkeleg dukkert i snøen.

Om kvelden stilte me i finstasen til festmiddag med pinnekjøtt og karamellpudding. Der var det også Damenenes og Herrenes tale.

Etter god mat bar det opp i salen til sketsjar og anna underholdning.

Me hadde seinare på kvelden andakt og vitnesbyrd før me ba oss inn i det nye året.

Raketar høyrer også med og dei gjekk opp i store mengder, før me toga inn til kaffi, kaker og gløgg. Småpratane gjekk så til langt, langt på natt.

Nyårsdag gjekk mellom anna med til å rydda og pakke før heimreis etter gilde dagar på Fagertun, fortel Åshild.

Så nå er det berre då venta på neste nyttårsleir.

R.K.



Håkon Boge og Leif Kringlebotten i venskapeleg brytekamp på nyttårsleiren.

Foto: Jostein Kringlebotten

Ein av leiarane på leiren, Kjartan Gullbrå ser litt betutta ut. Er det fordi tida som sivilarbeidar er over?

Foto: Jostein Kringlebotten



Biletet nedanfor syner at spelelystata er stor på leir.

Foto: Jostein Kringlebotten



VAKSDAL KRISTELEGE UNGDOMSLAG STIFTA

Like før nyttår vart Vaksdal kristelege Ungdomslag stifta, fortel leiar Jostein Rene.

-Kva var grunnen til at de gjorde dette?

-Grunnen var at me på ein skikkeleg og formell måte ville føra vidare det arbeidet Kjartan Gullbrå hadde stått i spissen for. Me såg at det i praksis ville vera best å få det innordna former, og difor stifta me laget og valde eit styre, fortel Jostein Rene.

-Kva skal de driva med frametter?

-Det faste vert samlingar på Vaksdal bedehus kvar fredag. Då vert det enten skipa til ungdomsmøte eller nattkafé. På ungdomsmøta vil me ta opp ymse emne. Eg kan nemna: Sex og samliv ved Bård Egil Dyrhol, 7. februar. Våre avgudar ved Asbjørn Apeland, 21. februar. Kristen omsorg ved Frode Kvamsøe, 14. mars og i møte med døden ved Johannes Blom, 25. april.

24. januar hadde me dessutan eit fellesmøte med dei eldre.

Medlemskap

-Korleis kan ein verta medlem i laget?

-Då er det berre å møta opp på Vaksdal Bedehus kl. 20.00 eller ta kontakt med meg, seier Rene.

Medlemskapen kostar kr. 50,- for året, dette er eit tilbod til dei som vil. Men eg vil presisera at samlingane våre sjølvsgt er opne for alle som vil vera med.

-Kva anna enn forkyning kan de by på?


På nattkaféane er det speling og sal av brus og pølser. Etter ungdomsmøta samlast me til kvelds i bedehuskjellaren. Denne kveldsen tek me 10 kroner for. Eg kan nemna at møta også vil verta haldne i kjellaren.

Me takkar Jostein Rene for praten og oppfordrar unge frå 7. klasse og oppover til å ta turen til Vaksdal bedehus fredagane.

R.K.

Biletet nedanfor syner ungdom som syng om Jesus.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Ragnhild tv. og Ann Elin syng av full hals på eit av ungdomsmøta.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



2 av medlemmene Ann Elin Mjelde Gullbrå og Anders Magne Tolås.

Foto: Ragnvald Kringlebotten

WEEK-END

Helga 15. - 16. februar skipar Stamnes sokneråd til kyrkjelydsweek-end til Fagertun. Ein kan melda seg på til Olav Gammersvik tlf. 56 59 82 10 eller til Anne Margrete Eikefet tlf. 56 59 56 77.

Jubileum

I 1996 var det jubileum for Dale som kyrkjestad, nå i 1997 kan kyrkjebladet jubilera. Rett nok heitte det kyrkjeblad for Bruvik Prestegjeld frå starten i 1947 og fram til og med starten på årgang 22 i 1968.

Me vil gjennom 1997 gje glimt frå eldre årgangar av bladet. Det eldste bladet me har funne er nr. 8 frå oktober 1950. I 1950 var det Olav Totland og Nikolai Lien som var bladstyrarar. Nedanfor kjem så glimt frå farne tider:

Frå farne tider:

Dale søndagsskule 50 år.

Laurdag 20. oktober 1900 kom nokre kvinner og menn saman for å skipa søndagsskulen. Guten Samuel var tema for første samveret. Dette samveret samla ikkje mindre enn 150 barn.

Helga 25. - 26. november 1950 var det fest og jubileumsgudsteneste. Generalsekretær Sverre Seim talar både på festen og gudstenesta.

Vøla av gamleheimen.

Dale gamleheim frå 1932 vart vølt. Dale sokneråd løyvde 6000,- kroner til måling til vindaugo og dører og til innkjøp av doble vindaugo.

Nygaard

Skulestyrar Nygaard slutta etter nådd aldersgrense. Han var frå Modalen og var fødd i 1880, tok lærareksamen i 1905 og vart tilsett ved Dale skule i 1910.

Stamnessokna

Mathias Orheim vitja Eidslandet og Stamnes sommaren 1950.

9. juli 1950 vitja Vaksdalskvartetten Stamnes og Eidslandet saman med soknepresten, og 20. august var Dale Songlag og Dale song- og musikklag med saman med Lien og Sarbel Engh. Kyrkjelydane i Stamnes-soknene er svært takksame for at songarane nyttar kviledagen til oppbygging for andre står det i bladet i 1950.

Vaksdal

Nedanfor ser me konfirmantkullet på Vaksdal i 1950 saman med Olav Totland.



Konfrimantane på Vaksdal 1950.

LEIR

FAGERTUN

Påskeleir 1 21. - 24. mars.

alder 3. - 6. klasse.

Påskeleir 2 26. - 31. mars.

Alder 7. klasse og eldre.

Påmelding og informasjon:

Norges Samemisjon, Bergen

Krets

Sparebankgt. 4 A,
5017 Bergen.

Tlf. 55 31 65 06

mellom 9.00 og 14.30,

ikkje onsdag.

KIRKENS SOS

TRENGER NYE

TELEFONVAKTER TIL

DAG, KVELDS- OG

NATTEVAKT.

Du må være over 22 år, kristen og lojal mot den Norske Kirkes bekjennelse.

Vi trenger alminnelege mennesker som kan lytte. Før du starter i tjenesten er du med på et 10-kvelders innføringskurs.

Så lenge du er med i tjenesten er du også med i en samtalegruppe. Du blir aldri overlatt til deg selv i denne tjenesten.

Er du interessert?

Kontakt oss snarest.



Tlf. 55 32 58 45 mand. - fred.
på dagtid.

Teikningar

Som ein del av Dale kyrkje si jubileumsfeiring vart barn inviterte til å teikna noko som hadde med kyrkja å gjera. Det kom inn mange teikningar og det vart me svært glade for, fortel sokneprest Frode Kvamsøe. På neste side presenterer me to av dei.

Den øverste er teikna av Marielle Laastad Birkeland, 11 år, ved Dale skule.

Den nederste er teikna av Renate Vik Indrebø, 7 år, frå Stanghelle skule. Alle som teikna har fått diplom.



SLEKTERS GANG**DØYPTE****DALE**

08.12 Lena Tveiterås
08.12 Ida Tveiterås
08.12 Rebecca Verpelstad Undrum
12.01 Lars Carlsen
12.01 Sebastian Fugstad Risnes
12.01 Benjamin Kydland Eriksen

VAKSDAL

15.12 Steffen Nielsen Sælensminde

BERGSDALEN


24.11 Bjørn Olav Berge

STAMNES

14.12 Arin Myster Dyvik
14.12 Ida Simmenes
14.12 Anette Farestveit Neset
26.12 Malene Stamnes

**VIGDE****VAKSDAL**

04.01 Aslaug Dale og
Thomas Rørvik

**AVLIDNE****DALE**

22.11 Åsmund Hauglum, f. 1929
28.11 Gudrun Kvamme, f. 1908
03.12 Ingeborg Strømme, f. 1910
06.12 Gunvor Gjerdevik, f. 1913
25.12 Klara Dorthea Helle, f. 1905
27.12 Mette Dæmring, f. 1978
01.01 Gladys Modesta Øie, f. 1906
05.01 Bjørn Johan Dalseide, f. 1942

VAKSDAL

01.12 Oliver Sæterdal, f. 1908

21.12 Maria Nygård, f. 1909

BERGSDALEN

02.01 Marta Rødland

STAMNES

04.12 Ingolf Aas, f. 1921

27.12 Kari Dyvik, f. 1903

**VELKOMEN TIL KYRKJE****9.februar - Søndag før faste (faste-lavn)**

DALE kl.11. Kvamsøe. Nattverd.

Offer til Norsk Misjon i Øst

STAMNES kl.17. Fam.gudst.

Dyrhol. Utdelinga av GODT NYTT til 4.kl. Offer til IKO

12.februar - Oskeonsdag

STANGHELLE kl.19.

Fastegudsteneste. Kvamsøe.

16.februar - 1.søndag i faste

VAKSDAL kl.11. Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Nordhordland

Indremisjon.

EKSINGEDALEN kl.11. Dyrhol.

Nattverd.

STAMNES - Kyrkjelyds-weekend

23.februar - 2.søndag i faste

DALE kl.11. Dyrhol. Offer til

Kirkens SOS i Bjørgvin.

BERGSDALEN kl.11. Vikar

EIDSLAND kl.17. Dyrhol.

Nattverd. Offer til Soknerådsarbeidet.

2.mars - 3.søndag i faste

STAMNES kl.11. Kvamsøe.

Nattverd. Offer til

Soknerådsarbeidet.

VAKSDAL kl.18. Dyrhol.

Skrifttemålgudst. Nattverd.

9.mars - 4.søndag i faste

DALE kl.11. Kvamsøe. Nattverd.

Årsmøte. Kyrkjekaffe.

NESHEIM kl.11. Dyrhol. Nattverd.

16.mars - Maria Bodskapsdag

VAKSDAL kl.11. Kvamsøe. Offer til

Livsrett og menneskeverd.

Statistikk

Statistikkoversynet for Vaksdal prestegjeld syner fylgjandê tal for 1996, tala for 1995 står i parantes.

Døyppte: 57 (47)

Konfirmerte: 48 (47)

Vigslar: 8 (15)

Gravferder: 70 (51)

Innmelde: 1 (0)

Utmelde: 4 (4)

Gudstenester: 129 (136)

Deltakarar i alt: 8098 (7944)

Gjennomsnitt deltakarar pr. gudsteneste: 63 (59)

Nattverdgjester: 1610 (1797)

Gjennomsnittleg nattverdgjester pr. gudsteneste: 26 (23)

Offer i alt: 161.470 (171.850)

Offer til arbeid i kyrkjelyden:

22.047 (31.433)

Fasteaksjonen: 31.844 (37.406)

Utleige av: Lyd og opptaksutstyr
til ulike anledningar - ring for pristilbud!

Lars-Erik Haga

Tlf. 901 11 674 (56 59 72 57 e.kl. 20.00)

Jamnevegen 45, 5270 Vaksdal



Trioen Tonetindar

tar no i mot ulike oppdrag!